

Elevrådet

Lårdal skule

3891 Høydalsmo

24. August 2010

lsyno-ho@hotmail.no

Rådmann

Tokke kommune

3880 Dalen


BREV OM NEDLEGGING AV LÅRDAL SKULE

Me vil få seie nokre ord om Lårdal skule, og om kva me meiner om skulenedlegging .

- *Om skulen blir lagt ned er det ingen ting igjen av Lårdal.
- *Det er godt med ein liten skule, for då slepp ein store grupper som mobbar.
- *Lårdal skule er ein fin skule utan mobbing.
- * Me veit at det blir meir mobbing om me blir slått saman med Høydalsmo.
- * Det kostar meir pengar med lenger bussveg for oss.
- *Det er godt med ein skule i nær miljøet. Nye elevar blir ynskja godt velkomen hit til Lårdal skule.
- *Lettare for 1. kl. å starte på ein skule der dei kjenner fleire. Dei er trygge på andre her på Lårdal skule.
- *Det blir fleire som flytter hit til Lårdal om de ikkje legger ned skulen vår.

- *Me tenkjer på ungar i barnehagen, som blir store og kjem hit.
- *Me har fengje mykje nytt utstyr som me ikkje har lyst til å flytte frå.
- * Me har fine ute stader.
- * Me har snille og gode lærarar me er glade i.
- *Her på skulen er alle gode vener.
- *Om skulen blir lagt ned må me stande opp tidligare.
- *Fleire vil gå 7.klasse på Lårdal skule.
- *Alle er vener her på Lårdal skule.
- *På store skular kan ein bli mobba meir.
- *Me vil ikkje stå opp klokka 06:00.
- *Me kjem til å savne Lårdal skule.
- * Det er lett å finne fram til Lårdal skule.
- * Me tenkjer på framtida til dei små .
- * Det er tidleg å stå opp for dei små.
- * Om Lårdal skule blir lagt ned så trur me at folk ikkje flyttar hit, fleire flyttar vekk.
- * Det blir fleire vener på ein liten skule.
- * Små og store vil savne Lårdal skule.
- *LÅRDAL BLIR IKKJE LÅRDAL OM DE LEGG NED LÅRDAL SKULE!

Med venleg helsing:


Inger Synøve K. Hommo.

Elevrådsleiar i samarbeid med skulen. :-)